



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellestråd

PROTOKOLL FELLESTRÅDSMØTE

Tid: Onsdag 30 juli kl. 18.00 - 21.00

Stad: Kyrkjestugu

TIL STADES:

- | | |
|-------------------------------|--------------------------------|
| - Arild Øystese Hansen | Leiar |
| - Audun Vestenfor | Nestleiar |
| - Liv A Solberg | |
| - Frøydis Stoveland Dekko | |
| - Ingrid K Hajem | |
| - Anne Kjersti Frøyen | |
| - Marianne Laa | |
| - Solveig Løkensgard Arnegard | Kommunerepresentant (på Teams) |
| - Sveinung Hansen | Prost |

KOPI SENDT TIL:

- | | |
|-------------------------|------------|
| - Inger Haug | |
| - Inger Elise Kaslegard | |
| - Geir Wiknes | Sokneprest |

SAKLISTE:

Sak 17/24: Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte.

Sak 18/24: Tilsetting av ny kyrkjeverje

Handsaming:

Det var 6 s kjarar til stillinga som kyrkjeverje. Handsaming og framlegg fr  tilsetjingsutvalet er vurdert som konfidensiell og unntatt offentlig innsyn.

Vedtak:

- Kristoffer Krohn Sævre er tilsett som kyrkjevevje frå sumaren 2025. Dato for tiltreding vert avtalt mellom leiar i fellesrådet og den tilsette.
- Løn og vilkår for tilsetjing vert gjort etter nærare avtale, og med utgangspunkt i dei vilkåra som gjeld for noverande kyrkjevevje.
- Anne Gerd Jorde vert tilsett som vikar for kyrkjevevja frå og med 1. september 2024 til K. Sævre trer i funksjon i 2025.
- Anne Gerd Jorde vert løna etter nærare avtale, på timebasis inntil 60% stilling.

Sak 19/24: Økonomirapport 1. halvår 2024 og Budsjett 2025.

a. Halvårsrapport pr. 31.06.2024:

- Bakgrunn:

Økonomirapporten for fyrste halvår 2024 er ferdig og er presentert for fellesrådet. Rapporten gjer ein oversikt over inntekter, utgifter og budsjettavvik pr. 31.06.2024.

- Vurdering:

Rapporten syner at det er god økonomisk kontroll, men at det er nokre avvik som bør diskuterast for å sikre at budsjettet for resten av året held.

- Forslag til vedtak:

Økonomirapporten for fyrste halvår 2024 takast til orientering.

- Kommentar frå leiar ÅKF etter gjennomgang :

	Inn	Ut
○ Rapporten syner disponible midlar på 3,9 mill. pr. 30.6.	3,9	
○ Utgifter til pensjon 2. halvår og minnelund åleine utgjer ca. 1,6 mill.		1,6
○ Samla lønsutgifter 2. halvår (minus pensjon) vil utgjere ca. 2,6 mill.,		2,6
○ Forventa inntekter 2. halvår er:		
▪ Investeringsstilskot Ål kommune:	450.000	
▪ Stillingsstøtte til diakon ++:	540.000	
▪ Festeavgifter:	380.000	
▪ Sal gravstell:	37.000	
▪ Refusjon frå kyrkja sentralt:	80.000	
Sum inntekter 2. halvår:	1.487.000	1,5
○ Forventa utgifter 2. halvår, utanom løn etc.: 1,2 mill.		1,3
Sum utgifter/inntekter 2. halvår:	5,4	5,5
○ Prognose for sluttstatus 2024 vil avhenge av om Ål kommune vel å løyve kr. 118.000 ekstra til ÅKF grunna meirkostnadar til mellom anna namna minnelund.		
○ Om det vert gitt ekstra løyving så vil budsjettet for 2024 gå i balanse.		

- I tilfelle det ikkje vert gitt løyving, så vil må nokre budsjettpostar reduserast tilsvarande.

b. Økonomiplan 2025-2030

Det vart presentert ein foreløpig skisse til langsiktig investerings- og driftsplan.

- Handsaming ÅKF

- Investeringar:
 - Må få med namna minnelund på Torpo og Leveld i investeringsbudsjettet.
 - Må lage ein oversikt over forventa løyvingar og tilskot frå andre enn Ål kommune, t.d. Enova.
 - Investeringar og investeringsplan må kvalitetssikrast saman med stab
- Drift:
 - Driftsbudsjett for 2025 syner eit førebels underskot på ca. 100-150.000. Budsjettet må kvalitetssikrast saman med kommuneadministrasjonen.

Vedtak:

- *ÅKF tek halvårsrapport pr. 30. juni 2023 til orientering.*
- *Det er naudsynt med ein presisering av prognosetal for drift 2024 for å sikre samsvar mellom budsjett og rekneskap.*
- *ÅKF tek budsjettframlegg for drift og investeringar til orientering. Økonomiplan og talgrunnlag i budsjettet må kvalitetssikrast før overlevering til kommunen.*
- *Revidert økonomiplan vert lagt fram for ÅKF i augustmøtet.*

Sak 20/24: Resirkulering av gravstein

Bakgrunn: Det har kome forslag om å innføre resirkulering av gamle gravsteinar som ikkje lenger er i bruk, både av miljøomsyn og for å utnytte ressursane betre. I dag, oppbevarast gamle gravsteinar på nedre side av kyrkjegarden. Kvar andre år eller ein gong i året, hentar kommunen steinane og destruerer desse. Mange steinar er av svært god kvalitet og kan enten seljast tilbake til gravferdsbyrå eller brukast til enkelte byggearbeid for kyrkja sine behov.

Framlegg til vedtak: Fellesrådet vedtek å innføre eit system for resirkulering av gamle gravsteinar. Det skal opprettast retningslinjer for prosessen.

Vurdering: Resirkulering av gravsteinar kan bidra til meir berekraftig forvaltning av gravplassane og redusere behovet for nye materialar. Det er viktig å handtere dette med respekt for dei pårørande og historiske verdiar.

Vedtak:

Fellesrådet vedtek å innføre eit system for resirkulering av gamle gravsteinar. Det skal opprettast retningslinjer for prosessen.

Sak 21/24: Innviing av namna minnelund

Bakgrunn: Minnelunden står ferdig og den er både fin og vakker. Murane uttrykkjer verd og samstundes verkar staden koseleg. Det er viktig å vise anerkjenning for alle som har arbeidd med det utfordrande prosjektet og opne minnelunden på ein skikkeleg måte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet fastset innviingsdatoen til [foreslått dato], som vil markere den offisielle opninga av den nye minnelunden.

Invitasjonar: Invitasjonar til innviingsseremonien vert sende til relevante gjester, inkludert representantar frå kommunen, lokalsamfunnet, kyrkja og andre involverte i prosjektet. I tillegg bør det sendast invitasjonar til lokale media for å dekke hendinga.

Handsaming:

Fleire ting som ikkje er avklart:

- Utforming, innfesting, o.l. av namneskilt.
- Ferdigrapport til Ecclesia.
- Innviingsdato blir fastsett på neste møte i august.
- AU legg fram forslag til utforming av namneskilt på augustomtet.
- Andre trussamfunn må få invitasjon og høve til å markere slik dei ynskjer.

Vedtak:

Innviing av namna minnelund blir utsett inntil vidare. Ny dato for opning og markering blir vedtatt på neste møte i ÅKF.

22/24 Orienteringssaker

- Orientering frå prosten:
 - Eitt eller to råd:
 - Info frå biskopen/stiftsdirektøren:
 - Bør slå saman SR og FR til eitt råd med protokoller for det einskilde rådet/saksområde.

- Unødvendig med to organ.
- Endrar ikkje soknestrukturen.
- Møtet vert delt i to slik at t.d. FR-saker vert handsama fyrst.

- **Kommentarar:**

- Vert ikkje dette veldig mye arbeid på ein person/leiar?
- Kan fordelast på leiar og nestleiar, evt. andre medlemmer av rådet.
- Saka vert handsama vidare til hausten.

23/24 Møteplan for hausten 2024, Ål kyrkjelege fellelsråd:

Vedtak:

- tysdag 27. august kl. 18.00
- tysdag 08. oktober kl. 18.00
- tysdag 05. november kl. 18.00
- tysdag 03. desember kl. 18.00

Vedlegg:

1. Økonomirapport for fyrste halvår 2024 og budsjettframlegg for 2025
2. 1. framlegg til driftsbudsjett 2025
3. 1. framlegg til investeringsbudsjett 2025-2030

Ål 05.08.2024

AØH